



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	06.10.2009
Tid:	13:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 09/58	Godkjenning av protokoll	
PS 09/59	Referatsaker	
PS 09/60	Økonomirapport for Midsund kommune per 31.08.2009	2009/331
PS 09/61	Uttale til samarbeidsprosjektet "kommuner-politiet" i Nordmøre og Romsdal	2008/470
PS 09/62	Kjøp av grunneigedom - gnr. 50 bnr. 97 og gnr. 50 bnr. 98	2009/512
PS 09/63	Kjøp av grunneigedom - deler av gnr. 50 bnr. 63	2009/511
PS 09/64	Utleige av industritomt i Stormyra	2009/191
PS 09/65	Sal av industriareal i Stormyra	2008/583
PS 09/66	Fråfall av forkjøpsrett for del av gnr. 50 bnr. 215	2009/497
PS 09/67	Offentleg ettersyn - Revidert forskrift om vass- og avløpsgebyr, Midsund kommune	2009/531
PS 09/68	Endring av husleigesatsar trygdebustader/omsorgsbustader (saka vert ettersendt)	2009/532

Midsund, 29.09.2009

Helge Orten
Ordførar

Gunn Hole
sekretær

PS 09/58 Godkjenning av protokoll



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2009/331-2

Arkiv:

Saksbeh: Geir J. Göncz

Dato: 29.09.2009

Saksframlegg

Økonomirapport for Midsund kommune per 31.08.2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/60	Formannskapet	06.10.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek økonomirapport 2. tertial 2009 til vitande.

Saksutgreiing:

Saka vert ettersend.

Vurdering:

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Geir J. Göncz
Rådmann

Anne Oterhals
Økonomisjef

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/470-6
Arkiv: X31
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 28.09.2009

Saksframlegg

Uttale til samarbeidsprosjektet "kommuner-politiet" i Nordmøre og Romsdal

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/61	Formannskapet	06.10.2009

Forslag til vedtak:

Midsund kommune tilrår alternativ A, samanslåing av tenestested, som utgangspunkt for å nå føreliggande innsparingsmål.

Saksutgreiing:

Nordmøre og Romsdal politidistrikt er inne i ein periode med vurdering av drift og organisasjon. I mai 2008 vart Utviklingsprosjekt 08 (samarbeid politi-kommunar) etablert for å vurdere eventuelle endringar for å gjøre politidistriktet betre i stand til å møte framtidens utfordringar. Det er utarbeida ein rapport frå samarbeidsprosjektet mellom politiet og kommunane i Nordmøre og Romsdal (vedlagt), basert mellom anna på arbeid i dei to prosjektgruppene, ROR/Politi og ORKIDE/Politi.

I utviklingsprosjektet er det i all hovudsak to prinsipielle løysingar for å nå målet om ein reduksjon av dei faste kostnadene med 13 mill kr. Dette er:

Alternativ A: Samanslåing av tenestested og færre ansatte – med dei stordriftsfordelar, husleigebesparingar og kostnadseffektivitet dette fører med seg

Alternativ B: Færre ansatte ved kvart tenestested – for å tilpasse drifta til økonomiske rammer

Vurdering:

I tillegg til internt politifaglige vurderingar er ei stillingtaking om ev. omstrukturering av politidistrikt ei klår politisk sak.

Rådmannen legg i si tilråding til grunn eit innsparingskrav på 13 mill kr.

Eit overordna mål må vere at publikum får hjelp ved akutt behov og at det førebyggjande arbeidet er best mogleg. Situasjonen i dag vert opplevd som at tenestedistrikta driv med knappe ressursar. Det er etter rådmannen si vurdering derfor lite heldig å redusere ytterligare talet på ansatte ved kvart tenestested. Ved å slå saman tenestested og utnytte stordriftsfordelar og kostnadseffektivitet kan ein mellom anna unngå færre ansatte.

Det ein kan frykte med val av alternativ A, samanslåing av tenestested, er mindre nærvær og mindre lokal kunnskap. Rådmannen legg her til grunn rapporten sine forslag til tiltak for nærvær, samarbeid og førebygging.

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):

- Rapport frå samarbeidsprosjektet mellom politiet og kommunane i Nordmøre og Romsdal
- Uttale frå ROR til styringsgruppemøte 04.09.09 i samarbeidsprosjektet "kommune-politi" i Nordmøre og Romsdal
- Brev frå leiar av Nordmøre og Romsdal politilederlag, datert 1.09.09

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/512-4
Arkiv: 50/97-98
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 21.09.2009

Saksframlegg

Kjøp av grunneigedom - gnr. 50 bnr. 97 og gnr. 50 bnr. 98

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/62	Formannskapet	06.10.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune kjøper gnr. 50 bnr. 97 og gnr. 50 bnr. 98 i henhold til underskriven avtale mellom Einar Knudsen og Midsund kommune, signert 04.09.2009.

Saksutgreiing:

Midsund kommune ønskjer å kjøpe gnr. 50 bnr. 97 og gnr. 50 bnr. 98, eigd av Einar Ole Knudsen. Eigedomane ligg i Midsundbukta, og utgjer eit samla areal på 589 m².

Partane er samde om at ein skal betale ein samla sum på kr. 400 000.

Det ligg føre ein avtale, signert av ordførar og seljar den 04.09.2009. Avtalen vert rettsleg gyldig når den er godkjent av kommunestyret i Midsund.

Vurdering:

Midsund kommune ønskjer å kjøpe nausttomtene gnr. 50 bnr. 97 og gnr. 50 bnr. 98. I forslag til reguleringsplan for Midsund sentrum er dette området satt av til "privat småbåtanlegg (landdelen)".

Kjøpet er eit ledd i sentrumsutviklinga i Midsund, med muligheit for å utføre makebyte med Midsund båtlag ved ei eventuell utbygging av nytt småbåtanlegg.

Geir Göncz
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Avtale om sal av grunneigedom, signert 04.09.2009
Situasjonsplan
Ortofoto

Vedlegg (uprenta): Komplett saksmappe

Særutskrift går til: Einar Ole Knudsen, 6475 Midsund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/511-2
Arkiv: 50/63
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 21.09.2009

Saksframlegg

Kjøp av grunneigedom - deler av gnr. 50 bnr. 63

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/63	Formannskapet	06.10.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune kjøper eit areal på om lag 556 m² i henhold til underskriven avtale mellom Per Ove Sæterøy og Midsund kommune, signert 04.09.2009.

Saksutgreiing:

Midsund kommune ønskjer å kjøpe eit areal på om lag 556 m² frå gnr. 50 bnr. 63, eigd av Per Ove Sæterøy. Eigedomen ligg i Midsundbukta.

Partane er samde om at ein skal betale ein sum på kr. 120 000.

Det ligg føre ein avtale, signert av ordførar i Midsund og seljar den 04.09.2009. Avtalen vert rettsleg gyldig når den er godkjent av kommunestyret i Midsund.

Vurdering:

Midsund kommune ønskjer å kjøpe eit område på om lag 556 m² frå gnr. 50 bnr. 63, eigd av Per Ove Sæterøy. I forslag til reguleringsplan for Midsund sentrum, inngår dette arealet i eit område som er satt av til "privat småbåtanlegg (landdelen)".

Kjøpet er eit ledd i sentrumsutviklinga i Midsund, med muligheit for å utføre makebyte med Midsund båtlag ved ei eventuell utbygging av nytt småbåtanlegg.

Geir Göncz
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Avtale om sal av grunneigedom, signert 04.09.2009
Situasjonsplan
Ortofoto

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Per Ove Sæterøy, 6475 Midsund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/191-6
Arkiv: 614
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 23.09.2009

Saksframlegg

Utleige av industritomt i Stormyra

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/64	Formannskapet	06.10.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Tangen Maskin AS får leige eit område på 11 daa av Midsund kommune, i henhold til avtale underskriven den 23.09.2009.

Avtalen trer i kraft frå vedtaksdato.

Saksutgreiing:

I formannskapet den 12.05.2009 vart det vedteke at Tangen Maskin AS får leige eit areal på 11 daa. Rådmannen skulle arbeide vidare med forslag til leigeavtale mellom Midsund kommune og Tangen Maskin AS.

Rådmannen og Tangen Maskin AS har no kome fram til felles semje om ein leigeavtale. Avtalen trer i kraft når den er godkjent av kommunestyret i Midsund.

Vurdering:

Rådmannen råar til at formannskapet og kommunestyret godkjenner leigeavtalen.

Geir Göncz
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandler

Vedlegg (prenta): Forslag til leigeavtale mellom Tangen Maskin AS og Midsund kommune
Situasjonsplan
Ortofoto

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Tangen Maskin AS



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/583-3
Arkiv: 50/184
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 24.09.2009

Saksframlegg

Sal av industriareal i Stormyra

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/65	Formannskapet	06.10.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune kjøper eit areal på om lag 200 m² av Otrøy Bygg AS, i henhold til avtale underskriven 16.09.2009.

Midsund kommune sel eit areal på om lag 7 daa til Otrøy Bygg AS, i henhold til avtale underskriven 16.09.2009.

Otrøy Bygg AS får leige eit areal på om lag 1,5 daa av Midsund kommune, i henhold til avtale underskriven 16.09.2009.

Avtalen trer i kraft frå vedtaksdato.

Saksutgreiing:

Rådmannen og Otrøy Bygg AS har kome fram til felles semje om ein avtale om sal og leige av grunn i Stormyra. Avtalen vert rettsleg gyldig når den er godkjent av kommunestyret i Midsund.

Vurdering:

Midsund kommune eig deler av arealet som Otrøy Bygg AS bruker i si daglege drift. Otrøy Bygg AS ønskjer no å kjøpe dette arealet for å få ordna eigedomsforhold på staden. Ein ønskjer samstundes å utvide trafikkarealet mot nord, dette for å betre dei trafikkale forholda på staden.

I reguleringsplan for Stormyra er det planlagt ein veg gjennom deler av området som Otrøy Bygg AS disponerer. Dette arealet på 1,5 daa er foreslått utleigd til Otrøy Bygg AS fram til Midsund kommune skal ta i bruk området.

Otrøy Bygg AS står som eigar av gangvegarealet aust på gnr. 50 bnr. 119. Dette arealet ønskjer ein no å overdra til Midsund kommune som ein del av avtalen.

Rådmannen rår til at formannskapet og kommunestyret godkjenner avtalen.

Geir Göncz
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandler

Vedlegg (prenta): Forslag til avtale om sal av grunneigedom
Situasjonsplan
Ortofoto

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Otrøy Bygg AS, c/o AS Kunderegnskap, 6475 Midsund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/497-2
Arkiv: 50/183-50/215
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 24.09.2009

Saksframlegg

Fråfall av forkjøpsrett for del av gnr. 50 bnr. 215

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/66	Formannskapet	06.10.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune seier frå seg forkjøpsretten til ein del av gnr. 50 bnr. 215, omtalt i punkt 4 i underskriven avtale mellom Midsund kommune og Opstad Maskin AS den 18.03.2005.

Fråfallet av forkjøpsrett gjeld kun dette salet. Avtalen av 18.03.2005 skal vidareførast mellom Midsund kommune og aktuell kjøpar i saka.

Saksutgreiing:

I brev 02.09.2009 ber Opstad Maskin AS at Midsund kommune seier frå seg forkjøpsretten som er omtalt i punkt 4 i underskriven avtale mellom partane den 18.03.2005.

Opstad Maskin AS ønskjer å selge deler av dette området til eit anna selskap i eigargruppa. Opstad Maskin AS opplyser at bruken av området vil bli som i dag.

Vurdering:

Bruken av området vert ikkje endra, og eige­domen blir verande i den same eigargruppa. Rådmannen rår difor til at Midsund kommune seier frå seg forkjøpsretten.

Geir Göncz
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandler

Vedlegg (prenta): Søknad om frafall av forkjøpsrett
Kopi av avtale om sal, den 18.03.2005
Situasjonsplan
Ortofoto

Vedlegg (uprenta): Komplet­­t saksmappe

Særutskrift går til: Opstad Maskin AS, Postboks 63, 6476 Midsund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/531-1
Arkiv:
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 28.09.2009

Saksframlegg

Offentleg ettersyn - Revidert forskrift om vass- og avløpsgebyr, Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/67	Formannskapet	06.10.2009

Forslag til vedtak:

Forslag til "Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Midsund kommune" blir lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 12.10.09 – 16.11.09 og blir kunngjort på vanleg måte.

Saksutgreiing:

Midsund kommune sin "Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Midsund kommune" er frå 02.05.02 med endring den 18.09.03.

Både den gamle og utkast til revidert forskrift er hemla i Lov om vass og kloakkavgifter av 31.mai 1974 med endringar og tilhøyende forskrifter. Frå 01.01.07 omfattast kommunale avløpsgebyr også av kapittel 16 i Forurensingsforskriften av 01.06.04.

I fjølge Forurensingsforskriften § 16-7 er lokal forskrift gitt i medhald av tidligare regelverk fortsatt gjeldande, såfram den ikkje strider mot krava i Forurensingsforskriftens kapittel 16. Lokal forskrift strider ikkje mot det nye regelverket, men det er blitt et behov for å oppdatere den i forhold til anna regelverk, samt gjøre forskrifta meir tydelig og dekkene for forvaltninga.

Forurensingsforskriften har i tillegg til eit strengare regime for kvaliteten på utslipp av avløpsvatn, økt fokus på påslipp av avløpsvatn til offentlig ledningsnett frå næring og industri.

Vidare ser vi at det er nødvendig med ein tettare oppfølging av utslippene frå næringsseigedommar og frå spedde bygg.

I tillegg til å få heimel til å gebyrleggje nye oppgåver ihht forurensingsforskriften er det behov for ein opprydding i eksisterande gebyrregulativ for å forhindre at de med et ordinært abonnement betaler saksbehandling/kontroll mm for abonnentar med spesielle behov.

Vurdering:

Lov om kommunale vass og kloakkavgifter av 31. mai 1974 hjemler kommunens rett til å kreve inn gebyrer og rett til å fastsette lokal forskrift om dette. Gebyrene skal dekke kommunens nødvendige kostnader på henholdsvis vass – og avløpssektoren. Etter Forurensingslovens §24 første ledd er kommunen ansvarlig for drift og vedlikehold av kommunens avløpsanlegg og etter Forurensingslovens §25 kan kommunen kreve gebyrer for sine utgifter til drift av anlegg.

Prinsippet om at forurenser skal betale, jf forurensingslovens §2 nr 5, tilsier også at kommunen skal dekke sine kostnader gjennom gebyrer.

Foruten hjemling i Lov om vass- og kloakkavgifter, er forslag til revidert forskrift om vass og avløpsforskrift hjemlet i Forurensingsforskriften etter

§11-4: saksbehandling og kontrollgebyrer (ikkje utarbeida)

§15–6: påslipp av oljeholdig avløpsvatn til kommunalt avløpsnett (ikkje utarbeida)

§15A-4: påslipp av avløpsvann fra næring og industri til kommunalt avløpsnett (ikkje utarbeida)

§16-1: beregning og innkreving av vass- og avløpsgebyrer

Forskrifta skal ikkje innehalde noko om økonomi, det kjem i Gebyrregulativet for 2010. Dette blir gjort for å forskrifta ikkje må forandrast for ofte.

Forslag til ”Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Midsund kommune” blir lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 12.10.09 – 16.11.09 og blir kunngjort på vanleg måte.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Geir Göncz
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Forslag til ”Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Midsund kommune”
(vert ettersendt)
Eksisterande forskrift av 01.07.03

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Teknisk